



# VOSS KOMMUNE

## Kommunalavdeling for pedagogiske tenester

Utdannings- og forskningsdepartementet  
Postboks 8119 Dep

0032 OSLO

Vår ref	Etat/ avd.	Saksbeh	Ark.	Dykkar ref.	Dato
04/445 - 485/06	PED	EBK	A20 &00		09.01.2006

### HØYRING - FRAMLEGG TIL ENDRINGAR I OPPLÆRINGSLOVA OPPLÆRING I HELSEINSTITUSJONAR OG BARNEVERNINSTITUSJONAR

Høyringsfråsegn frå Voss kommune v/ kommunalsjefen for pedagogiske tenester

Viser til høyringsbrev, dagsett 09.11.05 om framlegg til endringar i opplæringslova.

UFD kjem med framlegg til endringar i opplæringslova om opplæringsansvaret for pasientar i helseinstitusjonar og ibuarar i barnevernsinstitusjonar. Departementet legg fram 6 alternativ til ansvars plassering og ber om vurdering av alternativa og ei prioritering.

#### **Bakgrunn for framlegget til endringar :**

Det er uvisse knytt til opplæringsansvaret vedkomande nokre private helseinstitusjonar, særskild nemnt Beitostølen helsesportsenter, Valnesfjorden Helsesportsenter i Fauske og Modum bad. Det heng saman med at det er ulike ordningar for ansvar og finansiering av opplæring i private og offentlege helseinstitusjonar. Verksemda ved private institusjonar høyrer inn under fleire lovverk, døme : Opplæringslova, Barnevernlova, Lov om straffegjennomføring m v.

#### **Lovgrunnlag :**

Det juridiske ansvar for opplæring i helseinstitusjonar og barneverninstitusjonar er i dag nedfelt i opplæringslova kap 13 og i forskrift til opplæringslova § 18-1. Det har gått seg til ulik praksis på måtar å gjera opp for tenester mellom kommunar, fylkeskommunar og institusjonar. Institusjonar kjem opp i usikre økonomiske situasjonar som følge av ulik praksis.

For å få eit betre grunnlag for å vurdere kven som skal ha opplæringsansvaret for dei ulike gruppene, tek departementet ein gjennomgang av ansvaret for opplæring i både private og offentlege helseinstitusjonar og barneverninstitusjonar.

Det er lagt fram endringsframlegg til noverande lovformulering.

#### **Opplæringsansvaret omfattar :**

- Spesialpedagogisk hjelp til barn før opplæringspliktig alder.
- Grunnskuleopplæring for barn i opplæringspliktig alder.

Adr.: Uttrågt. 9	Telefon:	E-postadr.: postmottak@voss.kommune.no	Bankgiro:	Foretaksnr.
Postboks 145	Sentralbord 5651 9400	Nett-adr.: www.voss.kommune.no	8200 06 90100	960 510 542
5701 VOSS	Saksbeh. 5651 9543			
	Telefaks: 5651 9651			

- Vidaregåande opplæring
- Spesialundervisning
- Opplæring særskild organisert for vaksne.

### **Til grunn for vurdering ligg kriterier for gode opplæringstilbod :**

- Likskap i kvalitet mellom offentlege og private institusjonar
- Vald ordning skal vera lett å praktisera og lite byråkratisk.
- Klår plassering av opplæringsansvaret, fagleg, juridisk og økonomisk
- Bør vera ein instans

### **Vurdering av alternativa :**

#### **Alternativ 1 :**

Endring i § 13-3A Fylkeskommunen der institusjonen ligg får ansvar for opplæring for pasientar i offentlege og private helseinstitusjonar.

Positive trekk : Fylkeskommunen har røynsle på opplæring, det sikrar lik behandling mellom offentlege og private institusjonar, uavhengig av vurdering i den einskilde kommune.

Lett å praktisera.

Stiller oss positiv til framlegget.

#### **Alternativ 2**

Endring i § 13-2. Opplæringsansvaret i barneverninstitusjonar flyttast frå barnet sin heimkommune til fylkeskommunen der institusjonen ligg.

I dag har fylka ansvar for opplæring i institusjonar fylka driv.

Alternativ 1 og 2 blir ved dette sett i samanheng. Fylkeskommunen har ved Alternativ 1 + 2 ansvar for opplæring i offentlege og private helseforetak og barneverninstitusjonar. Dette sikrer lik behandling for ulike grupper. Fylkeskommunen har og i dag ansvar for ein stor del av opplæringa.

Stiller oss positiv til framlegget.

#### **Alternativ 3 :**

Endring i § 13-3A : Opplæringsansvaret vert ved dette framlegget lagt til helseforetaka, dvs staten, for opplæring i offentlege og private helseinstitusjonar, finansiert av det regionale helseforetaket.

Positivt : Større heilskap i behandling og opplæring for nokre grupper, der opplæring går inn som ein del av behandlinga.

Mindre positivt : Må byggja opp eit eige kompetanseapparat innafor helseforetaka. Det eksisterer ein del innafor t.d. BUP einingar, psykiatrien, fylkesmannen. Det vil vera fleire parallelle hjelpetenester, og det kan vera lite rasjonelt.

Helseforetaka kan kjøpe tenester, men må etter dette ha det økonomiske ansvaret.

#### **Alternativ 4 :**

Endring i § 13-2 Ved dette framlegget får statleg regional barnevernmyndigheit, dvs staten, opplæringsansvar for klientar i private og offentlege institusjonar.

Alternativ 3 og 4 må ein sjå i samanheng, ein del av pasientane/klientane vil veksla mellom sjukehus og sosiale institusjonar.

Moment som talar for 3 og 4, eit statleg system er viktige, vil forenkla saksbehandling og økonomiske oppgjer.

Men det er peika på så mange ulemper, at totalt vil vi frårå val av denne modellen.

### **Alternativ 5**

Det er peika på så mange ulemper og misnøye med noverande ordning, ein bør arbeida ut detaljerte retningsliner og ha felles rutiner, og satsar for gjesteelevavtaler.

Det vil krevje ei overordna styring, kanskje vil det gi auka byråkrati, ei omlegging.

Det er skilnadar mellom kommunar og ein løyser ikkje ein del private institusjonar sine problem.

### **Alternativ 6**

Kommunalt ansvar for all grunnskuleopplæring og fylkeskommunalt ansvar for vidaregåande opplæring i alle helse og barneverninstitusjonar. Endring i § 13-2 og § 13-3A, dei vil falla bort.

Det kan føra til ein uoversiktleg situasjon i kommunen, då ein må ha ressursar til å kunne gi opplæring i institusjonar. Personale frå heimskulen kan i praksis vanskeleg følgja eleven i institusjon.

### **Konklusjon :**

Alle alternativa har positive og negative sider.

Vi rår til eit heilskapleg fylkesansvar.

### **Opplæringsansvar for barn i fosterheimar :**

Før ein tek avgjerd om opplæringsansvar for barn i fosterheim, bør arbeidet vedkomande fosterheimar sin status vera avslutta og dette må sjåast i samanheng med eventuell endring av opplæringslova. Det bør vera samanheng i opplæringsansvaret mellom barn i fosterheim og barn i barneverninstitusjonar, då dei barna /elevane det gjeld, i mange tilfelle går gjennom institusjonar og fosterheim(ar) i periodar av livet.

### **Lik grunnsats, fastsett sentralt for gjesteelevar.**

I kommunar med gjesteelevar frå mange kommunar og mange eigne elevar plassert i andre kommunar, er det no så stor skilnad mellom krav om grunnressurs og storleik på timepris på spesialundervisning og assistenttimar at det er behov for ei sentral styring.

Vi ber om at det i samband med statsbudsjettet blir gitt satsar for grunnressurs på gjesteelevar og satsar for timepris på spesialundervisning og assistenttimar på barnesteget og ungdomssteget og i vidaregåande skule.

Med helsing

Else Berit Kyte  
Kommunalsjef

Guri Fuglem  
pedagogisk konsulent

Vedlegg:

Kopi til: Rådmannen